



NJFF SOGN OG FJORDANE

NJFF Sogn og Fjordane

Rygg
6823 Sandane
Telefon: 57 86 83 55
Mobil: 970 76 702
sognogfjordane@njff.org
www.njff.no/sognogfjordane
Org.nr: 975682900
Bank: 3710.11.42737

NVE

Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091, Majorstua
0301 Oslo
nve@nve.no

09.12.2012

Høyringsfråsegn om søknad om bygging av Breim Kraftverk i Storelva, reg.nr. 5756, saksnr. 200901128

Gloppen JFL og NJFF Sogn og Fjordane vil understreke nok ein gong at vi ikkje er i mot all vasskraftutbygging. Slike utbyggingar kan vera med på å oppretthalde arbeidsplassane særleg i jordbruket og busetnaden i distrikta. Også skatteinntekter til kommunane er positive verknader av vasskraftutbyggingar. Vasskrafta er ein fornybar ressurs i motsetnad til gass, olje og kol. Men dersom naturinngrepa blir hardhendte og øydeleggjande for økosystema må vi påpeike det og gå imot eller fremja meir skånsame alternativ.

Breim Kraft har utarbeidd eit nytt alternativ, C, for utbygging av Storelva i Breim, samstundes som dei held fast på alternativ A som fyrsteval. Vi har tidlegare gått i mot alternativ A slik det er omsøkt og held fast på det. Etter vår meining er alternativ C betre enn alternativ A. Dette alternativet vil spare elveosen og Seimestrande og unngå deponering av sprengmasser i Breimsvatnet. Men alternativ C består av C1 og C2 der C2 blir lansert som eit sekundært alternativ til A. Alternativ C2 inneheld endå lågare minstevassføring enn alternativ A. Vi har fylgjande merknader til dei nye utbyggingsplanane:

- **Minstevassføring:** gjennomsnittleg sumavassføring i Storelva er 27.3m³/sek og om vinteren 2.58m³(Sægrov)med eit påslag på 0.6, altså 3.18, ved utløpet i Breimsvatnet.

Alternativ A opererer med ei minstevassføring på 6m³ om sumaren og 1m³ om vinteren. I det nye forslaget er C1 som alt A, medan C2, som er det omsøkte sekundære alternativet, inneber ei sumavassføring på fattige 4 m³ og vintervassføring på 1 m³. (Kjelde: Breim Kraft v Multikonsult)

Det kan ikkje vera tvil om at livet i elva vil bli sterkt påverka av ei så lita vassføring i den regulerte delen av elva frå inntaksterskelen på Flølo til utløpet av kraftstasjonen ved Breimshallen. **Gloppen JFL og NJFF Sogn og Fjordane vil gå imot utbygging dersom minstevassføringa om sumaren blir mindre enn ein tredjedel av gjennomsnittleg sumavassføring og om vinteren mindre enn 2 m³/sek.**

- **Tersklar:** som kompensasjon for sterkt redusert vassføring må det byggjast tersklar med gyte- og skjulplassar. Desse må utformast slik at dei ikkje vert vaska ut ved flaumstor elv.
- **Vandringshinder:** det må sikrast at auren kjem seg forbi Flølofossen og den planlagte inntaksterskelen under Flølofossen
- **Sedimenteringsbasseng:** fråføring av ein ein så stor del av vatnet det her er snakk om vil redusere elva sin resipientkapasitet. Desto viktigare blir det i anleggsfasen å hindre at sprengsteinstøv og sprengstoffrestar blir ført ut i elva. Det må difor stillast strenge krav til sedimentbasseng mellom deponiet og elva. Avløpsvatnet bør også filtrerast før det går i elva.

Vi viser elles til vedlagte høyringsfråsegner frå 2009 og 2011.

Sakshandsamar: Jostein Hansen, Gloppen JFL.

Med venleg helsing

Gloppen JFL
Jostein Hansen
Leiar

NJFF Sogn og Fjordane
Per Norstein
Fylkesleiar

Kopi:
Gloppen kommune
Breim Kraft
Fylkesmannen
Fylkeskommunen

Vedlegg: Fråsegn 05.07.2009
Fråsegn 09.08.2011

